

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen: Tertnes videregående skole

Tal elevar skuleåret 2015/16: 418 (pr 15.09.15)

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått
Andel stryk og IV
Gjennomsnittleg fråvær
Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	82,5 %
2015/16	81,9 %

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	16,7 %	13,2 %
	2015/16	11,1 %	8,8 %
Standpunkt/T2	2014/15	7,5 %	8,7 %
	2015/16	8,1 %	5,5 %
Eksamen	2014/15	12,2 %	-
	2015/16	8,5 %	-

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	22,8
	dagar	11,9
2015/16	timar	21,1
	dagar	12,7

1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS – ikkje brukelege tal)

2014/15	2,5 % (Eigne tal)
2015/16	3,8 % (Eigne tal)

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2015/16

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?

- Skuleåret 2015-16 er om lag på same nivå som skuleåret 2014-15 når det gjeld fullføring og bestått, og fråvær.
- For stryk/IV er det ei betydeleg betring for andel stryk til eksamen og IV i standpunkt/T2.
- Det er sær s gledesleg med ein kraftig nedgang stryk/IV i framandspråk (frå 27 i 2014-15 til 9 i 2015-16).
- Vi har framleis låg andel av elevar med stryk i standpunkt/T2 – 2014-15 var ein av dei lågaste vi har hatt.
- Det er forskjell på dei to utdanningsprogramma: Studiespesialiserande har høgare

andel av elevar med fullført og bestått enn Service og samferdsel. For begge utdanningsprogramma er det store forskjellar mellom basisgruppene.

Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

- Skulen har dei siste åra hatt eit opplegg ved skolestart med startsamalar for Vg1-elevane. Vi har også kartleggingsprøver i sentrale fellesfag ved skolestart for Vg1-elevane, med oppfølging og tilrettelegging.
- Vi har fokus på oppfølging av elevene gjennom skuleåret. For dei som har negative eller manglande karakterar på lågare trinn, skjer dette tidleg på hausten slik at det blir mogleg for dei å rette opp dette i løpet av skuleåret. Dei som står i fare for å ende med negative karakterar i løpet av skuleåret, blir følgt opp først av faglærar/kontaktlærar og eventuelt av rådgjevar/elevinspektør særleg i etterkant av halvårsvurderinga til jul. Som det går fram av tala for stryk og IV, har vi betydeleg nedgang i desse karakterane mellom T1 og standpunkt/T2 som vi forklarar med vårt fokus på oppfølging av desse elevane.
- Vi har dialog med ungdomsskulene om elevar som treng oppfølging. For neste skuleår har vi styrka denne dialogen.
- I følgje egne tal er det lite fråfall mellom trinna/nivåa på vår skule. Særleg gjeld det studiespesialiserande utdanningsprogram.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

- Vi ser noko ulike utfordringar på dei ulike utdanningsprogramma:
 - Service og samferdsel: Utfordringa for elevane er krava til relativt store teoretisk kunnskapar sett i forhold til dei føresetnadene mange av dei har. Fleire av elevane strevar med manglande grunnkunnskapar og skulemotivasjon, og mange er minoritetsspråklege elevar som strevar med å tileigne seg kunnskapane gjennom det norske språket.
 - Studiespesialiserande utdanningsprogram: Nokre elevar har ein livssituasjon som ikkje lett lar seg kombinere med dei høge krava dei set til resultat. Noko som kan resultere i at dei kjem til eit punkt der det stoppar/dei blir sjuke (fysisk eller psykisk). Nokre få elevar gjer eit feilval som gjer at dei anten sluttar eller gjer eit omval etter første året.
- Vår utfordring som skule er å kunne møte desse elevane individuelt og hjelpe dei vidare.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Som ein konsekvens av resultatane og vurderingane for inneverande skuleår, vil vi i utviklingsarbeidet neste skuleår ha fokus på følgjande område:

- Vi ønskjer å fortsette opplegget ved skolestart med fokus på å bygge relasjonar
- Vi ønskjer fortsatt å følgje opp elevane godt gjennom skuleåret.

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

2.1 Vurdering for læring

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

- Dette er eit område kor skulen har skåra noko lågt i elevundersøkinga dei siste åra, og tala for 15-16 synar liten endring samanlikna med 14-15. Vurdering for læring har regelmessig vore tema i lærarane si fellestid, med arbeid i grupper og diskusjonar i plenum.
- Vi har også gjennomført møte mellom alle tillitsvalde elevar og skulens avdelingsleiarar. Desse møta vart gjennomført trinnvis, etter at kvar klasse hadde hatt eigne møte og snakka mellom anna om resultatane i elevundersøkinga og kva som ligg bak svara.
- Møta var svært konstruktive, og når det gjeld dei områda kor skulen skårar lågt, altså vurdering for læring, så gjev elevane uttrykk for at dei, resultatane til tross, opplever god dialog og samarbeid med sine lærarar rundt vurdering.

2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»

Utfordringar:

- Vi vil halde fram med arbeidet rundt fagleg rettleiing og fokus på undervegsvurdering.
- Betre eigenvurdering, halde fram med arbeidet med å stimulere elevane til å vere aktive i vurderinga av eiga læring og eigen praksis.
- Vi vil videreføre ordninga med møte mellom tillitsvalde og avdelingsleiarane.

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Resultat frå Elevundersøkinga haust 2015:

Elevundersøkinga viser eit godt resultat for Tertnes vgs. på grunnleggjande digitale ferdigheiter. Kjeldekritikk, kjeldebruk og generell bruk av digitale verktøy vert arbeidd med i faga. Berre 3-4 elevar svarar i svært få fag eller ikkje i noko fag.

Skulen si vurdering:

a. Elevens digitale grunnkompetanse

I skuleåret har det vorte arbeidd systematisk med eleven sin digitale grunnkompetanse slik han er nedfelt i utviklingsplanen for 15-16.

IKT-konsulent og IKT-leiar gjennomfører eit startkurs for nye elevar ved skulestart med fokus på grunnleggjande digitale ferdigheiter som t.d. nettvett.

Seinare på hausten går IKT-konsulent og IKT-leiar innom alle klassar og sikrar at alle elevar har

- fullgodt antivirusprogram
- konto på ei skyteneste og kan ta vare på digitale notat og ressursar
- installert digital ordbok og kan bruke ordboka

b. Samskrivingsprosjekt

Som nemnt i utviklingsplanen for 15-16 skulle deling og samskriving i GAFE og Office 365 prøvast ut slik at alle elevar og lærarar kjenner til samskrivingsmogelegheitene her, og skuleleiinga går føre med eit godt føredøme.

Det er særleg samskrivingsmogelegheitene i Google som er prøvd ut dette skuleåret.

Skuleleiinga har gått føre med eit godt føredøme ved å:

- Samarbeide i dokument som førebuing til innhald på planleggingsdagar mv.
- Organisere gruppearbeid for lærarane i t.d. arbeidet med utviklingsplanen der lærarane skal samskrive.
- Opprette ein aktivitetsplan for lærarane i eit delt google-dokument slik at alle kan leggje inn aktivitetar/hendingar som måtte ha interesse for andre.
- Opprette eit liknande dokument mynta på elevane. Førebels berre eit dokument som informerte om den daglege organiseringa av slutten av skuleåret

Førebels er mykje av dette administrative gjeremål, men føremålet er at alle skal verte kjende med digitale samarbeidsverktøy slik at dei på sikt vert nytta i læringsarbeidet.

c. Digitale arbeidsmåtar som fremjar motivasjon og læring i faga.

Her er det prøvd ulike arbeidsmåtar og verktøy slik det er skildra i hovudmål 2 i utviklingsplanen.

I framandspråk er det prøvd med bruk av digitale gloseinnlæringsverktøy og grammatikkinnlæring som Quizlet. Elevane lærar å lage øvingar sjølv. Dessutan er det i nokre fag bygd opp ein pakke med øvingar i Itslearning ved hjelp av slike verktøy. Ein lærar har prøvd ut klassefunksjonen i Onenote med godt resultat. Utprøving av digital lærebok i norsk vg3 var noko mislukka pga tekniske problem.

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

Utfordringar:

Vidareføre fokus på elevens digitale grunnkompetanse. mop. Nettvett (kjeldebruk, kjeldekritikk, digital mobbing, gode lagringsrutinar Mv.)

Arbeide vidare med GAFE og Office 365 som eit samarbeidsverktøy.

Sikre at alle lærarar brukar itslearning aktivt til å leggje ut arbeidsplanar og læringsressursar.

2.3 Klasseleiing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Skolen har hatt fleire innfallsvinklar til arbeidet med klasseleiing basert på biletet som teikna seg etter skuleåret 13/14 og 14/15. Resultata frå Elevundersøkingane var samansette. Det var tydeleg skilnad på tala frå studiespesialiserande og yrkesfag. På yrkesfag var «arbeidsro» og «støtte frå lærarane» i raudt, medan vi såg at indikatorane i desse kategoriane var i grønt og gult for studiespesialiserande.

Skulen har difor dei inneverande to åra arbeidd med følgjande problemstillingar:

Støtte frå lærarane og elevmedverking:

- Vi har følgt opp punktet «støtte frå lærarane» på avdelingsnivå for å analysere elevane sin respons i elevundersøkinga. Konklusjonen vart at resultatet ikkje var tilfredsstillande, korkje for studiespesialiserande eller yrkesfag.
- Avdelingar og leiing har følgt opp elevane sine synspunkt med utdjupande spørsmål

i samband med «evaluering av skuleåret» for elevar i juni 2015.

- Elevane svarte på desse oppfølgingsspørsmåla og skulen har ved leiinga og lærarar gjennomgått svara i plenum og i gruppearbeid.
- Elevrådet og elevane deltok aktivt i denne prosessen noko som òg kan ha positiv innverknad på elevane sin kjensle av å medverke til skuleutviklinga
- Hausten 2015 vart punkta «støtte frå lærarane» diskutert klassevis i «klassens time», og så, tidleg på vårparten, følgt opp gjennom såkalla «trekantmøte» der avdelingsleiingar møtte tillitsvalde frå kvart trinn. I desse møta oppstod det ein fruktbar dialog der skulen ved leiinga fekk konkrete innspel på kva vi kan endre for å betre lærar/elev-relasjonen i læringsarbeidet. Elevar og representantar for leiinga var einige om at fastsette møte av dette slaget kvart halvår/år var ein god idé.

Motivasjon:

- Alle avdelingane på skolen har inneverande år arbeidd med spørsmål som går ut på å betre motiveringa av elevar ved skulen.
- Det er meininga at dette arbeidet skal resultere i nye formuleringar og mål i skolen sin utviklingsplan.
- Skulen har i dette arbeidet òg trekt inn ekstern forelesar med fokus på korleis en skal forstå og arbeide med betring av motivasjonen til elevane.

Lærer-lærarobservasjon:

- Skulen har eit prosjekt gåande der lærarar er med kvarandre i klasserommet.
- Prosjektet er delvis gjennomført, og kjemt til å halde fram skuleåret 16-17
- Prosjektet går ut på at lærarar har ei klar oppgåve/målsetting med vitjinga. Eit slikt tema for vitjinga kan omhandle spesielle undervisningsopplegg/metodar eller bruk av spesifikke tekniske verkemiddel. Vitjinga kan òg handle om klasseleiing generelt og lede fram til ei utveksling av erfaringar og metodar retta mot korleis ein gjennomfører ein undervisningstime
- Målet er auka delingskultur og eit auka fokus på sjølve undervisninga og metodar - noko som igjen kan gi utslag i meir variert undervisning

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

Skuleleiinga såg etter skuleåret 14/15 at det var naudsynt å ha eigne tiltak for klassane på yrkesretta utdanning. Vektlegging av arbeidsro og felles regelverk med tanke på orden og oppførsel skulle stå sentralt. Leiinga såg òg at det ville vere naudsynt å bevisstgjere lærarane på at elevane ved skolen ikkje alltid opplevde at dei fekk tilstrekkeleg med støtte i undervisningssituasjonen. Når det gjeld dette siste punktet såg leiinga ved skulen at det var naudsynt å opprette ein dialog med elevane. Tiltaka siste året; bevisstgjering av lærarane, tydelegare rammer for, og meir fokus på, reglar for service og samferdsel i kombinasjon med ein tettare dialog med alle skulens elevar og tillitsvalde ser no ut til å ha medverka til betre resultat på desse områda. Med Elevundersøkinga kan det sjå ut som om ein kultur for medverknad i utviklingsarbeidet har gjeve resultat:

	Tertnes VGS - Vg1 - Studiespesialisering (14-15)	Tertnes VGS - Vg1 - Studiespesialisering (15-16)	Tertnes VGS - Service og samferdsel (14-15)	Tertnes VGS - Service og samferdsel (15-16)
3.1 Støtte fra lærerne	3,82	3,88	3,47	4,14

3.2 Arbeidsro	3,91	4,22	2,90	3,59
3.3 Elevdemokrati og medvirkning	3,09	3,33	2,99	3,60
3.4 Felles regler	3,68	3,98	3,50	4,11
3.7 Variert opplæring	3,58	3,70	3,82	3,90

Dermed ser det ut som om leiinga i arbeidet med klasseleiing kan gjere lurt i å konsolidere dei rutinane som no er oppretta for å organisere ein felles prosess der elevlar/lærarar/leiinga saman arbeider for å påpeike problem knytt til klasseleiing. Trass i den gode utviklinga Elevundersøkinga syner, er det framleis slik at det er mykje å hente på områda «elevdemokrati og medverknad». Punktet som gjeld «støtte frå lærarane» er dessutan enno ikkje godt nok når det kjem til studiespesialisering. Difor vil vi neste år arbeide vidare med desse punkta.

3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt Med

3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

I utviklingsplanen dei siste åra har vi hatt følgjande eige hovudområde og hovudmål:

Hovudområde: Ein samarbeidande organisasjon

Hovudmål: Fremje samarbeid og dialog på alle nivå i organisasjonen

Under dette hovudområdet har vi i år hatt følgjande mål og tiltak (sjå utviklingsplanen for detaljar):

- Å syte for kollegasamarbeid for å skape god klasseleiing og god undervisning
- Å stimulere til elevmedverknad og eit aktivt elevråd
- Å få til ein god skulestart for elevane og tilsette

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Som ein ganske stor skule ser vi det som viktig å fokusere på dialog og samarbeid for å fungere godt og for å kunne skape eit godt skule-/læringsmiljø.

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Innanfor hovudområdet er dei fleste tiltaka følgde opp på ein tilfredstillande måte:

- Det har vore aukande aktivitet og engasjement i elevrådsarbeidet
- Opplegget ved skulestart vart gjennomført med mange gode tilbakemeldingar.
- Vi har sett av mykje tid til organisert samarbeid. Sentralt i dette arbeidet har vi hatt avdelingsleiarane og fagansvarlege innanfor nokre fag.

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Dei tiltaka som skulen ser endra praksis for er:

- Auka elevmedverknad og eit meir engasjert elevråd og elevrådsarbeid
- Opplegget ved skulestart ga gode elev-lærar-relasjonar som vi trur har innverknad på læring og læringsmiljøet. Elevundersøkelsen viste betydelig

- framgang i spørsmål om støtte frå lærarar og fagleg utfordring
- Samarbeidet mellom lærarane er godt i nokre av avdelingane/fagseksjonane, men kan bli betre i andre.

For desse vurderingane legg vi til grunn tilbakemeldingar frå elevar og tilsette, og tilbakemelding frå gruppearbeid i fellestid.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Vi ønskjer å føre vidare nokre av tiltaka som er nemnde ovanfor (3.4).

Dei måla og tiltaka som vi treng føre vidare er:

- Framleis betre samarbeid mellom lærarane
- Framleis stimulere vidare til elevdemokrati og eit meir aktivt elevrådsarbeid
- Vidareføre opplegget ved skulestart

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

- I fellestid har prioriterte tema frå utviklingsplanen/arbeidet stått på dagsorden. Mykje av dette utviklingsarbeidet har vore lagt til fagseksjons-/gruppenivå. Vi har hatt same tema over fleire veker for å kunne gå djupare inn i temaet og med det få eit betre utbytte
- Vurdering av tilstanden har vore ein naturleg del av dette arbeidet i fellestida gjennom året. Utgangspunktet for arbeidet i fellestid har ofte vore resultat frå elevundersøkinga.
- I vår hadde vi eit opplegg kor både elevane og dei tilsette vart involverte. Fyrst hadde vi klasse møte kor elevane fekk moglegheiter til å utdjupe nokre av svara frå elevundersøkinga, deretter hadde vi eit «trekantmøte» der avdelingsleiarar møtte tillitsvalde frå kvart trinn. Til slutt hadde vi på planleggingsdagen i februar/mars eit opplegg i grupper kor dei tilsette fekk komme med innspel til utviklingsarbeidet med utgangspunkt i nokre av resultatane av elevundersøkinga, referat frå møte med elevane og det nye styringsdokumentet.

Generelt: Leiargruppa har vore sentral i prosessane med utviklingsarbeid og tilstandsvurdering gjennom heile året og drøfta og evaluert dette.

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

- Vi har òg i år lagt vekt på arbeid i grupper/seksjonar. Dette gir forhåpentlegvis større medverknad og involvering.
- Utviklingsarbeid og vurdering av tilstanden vert òg tatt opp i medarbeidarsamtalane.

Sjå elles 4.1 over

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Sjå 4.1 over

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Sjå 4.1 over

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Tid og vilje til å prioritere utviklingsarbeid framfor dei mange daglege gjeremåla og utfordringane. Dette gjeld alle – både leiing, alle tilsette og elevar. Dei fleste er opptatt av å gjere ein god jobb innanfor sitt fag-/ansvarsområde og har fokus på det. Da kan det lett bli at ein ikkje ser verdien av skolens utviklingsarbeid. Vi har likevel sett større involvering i utviklingsarbeidet. Mange har etter kvart fått større forståing for at utviklingsarbeid og lagbygging er viktig òg for den enkelte.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?

Vi har som nemnt under pkt 4.1. hatt eit opplegg kor det nye styringsdokumentet var ein del av grunnlaget for innspel.

I det vidare arbeidet med utviklingsplanen 2015-16 vil vi forankre dette i det nye styringsdokumentet. Ved skolestart tenkjer vi oss at noko av planleggingsdagane blir sett av til dette arbeidet for dei tilsette. Vidare vil elevrådet få mogligheit til å komme med innspel så snart dei kjem i funksjon tidleg på hausten.